

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Anne Gine Hestetun(Ap) stilte spørsmål om hun var inhabil fordi hun er styremedlem i BKK. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtok samrøystes at Hestetun ikkje var inhabil.

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram forslag om utsetting av saka

Avrøysting:

Handegard sitt forslag om utsetting fekk 2 røyster (Sp) og fall.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber Statnett visa ei offensiv tilnærming til opprusting av kraftnettet frå indre deler av fylket til kystområda som sit med eit stort potensial for næringsutvikling. Fylkeskommunen ber Statnett leggja til rette for at prosessen med å sikra trygg tilgang på fornybar kraft til kysten vert prioritert.
- 2 . Utbetring av kraftnettet, og spesielt god kopling mellom kyst og meir sentrale deler av Vestland med stor produksjon av fornybar energi, bør prioriterast i tida framover. Ikkje berre for å leggja til rette for ny industri på Mongstad, men òg for å sikra at nettet i Vestland fylke er robust i møte med elektrifisering i stor skala. Etablering og opprusting av infrastrukturen i kraftnettet er og vert eit tema framover, om det gjeld ny kraftproduksjon, ny kraftkrevjande industri eller elektrifisering av ferjer og anna transport. Vestland fylkeskommune må vera framoverlente her for at ikkje kraftnettet vert ein flaskehals for vidare utvikling i Vestland fylke.
3. I fyrste omgang må Statnett prioritera å sikra leveringsgraden av fornybar kraft inn til Mongstad for å styrke konkurransedyktigheita til både noverande og framtidig kraftkrevjande industri der. Vestland fylket er Noregs klart største produsent av fornybar energi, og det er avgjerande at industriområda våre har tilgang på nok kraft og at transmisjonsnettet sikrar dette. Det vil òg gjera Vestland fylkeskommune attraktiv for nye aktørar, då dette viser at det ligg til rette for framtidsretta utvikling i regionen.